



Innovare endrar lisensen for programvare

Lisens for programvare frå Innovare har frå 1992 til no i dag vore for ein programpakke til fast pris. I tillegg har det vore mogeleg å kjøpe support på programmet. Dette gjeld programma Firmapakken og Plastrør.

Frå 1. mars vert lisensen basert på aktive brukarar. Fram til 1. mars må brukarar som bruker serverpålogging, og ikkje er registrert hos Innovare, kontakte Innovare for å oppdatere lisensane.

Alle brukarar som har brukarpålogging (loggar på med epostadresse) er registrert hos Innovare, og treng ikkje registrere seg på nytt.

Dei som har kjøpt programvare frå Innovare etter 1. oktober 2017, betalar ikkje for programmet. Dei vil bli fakturert for brukarlisensane frå 1. januar 2018.

Prisane er pr bruker på pr program. Dersom ein har fleire program, til dømes Firmapakken og Plastrør, kan ein bruke ein totallisens, som gjeld alle program frå Innovare.

Prisar

Prisane er utan meirverdiavgift.

Pris pr. brukar på eigen server **kr 56,- pr mnd** **kr 672,- pr år**

Pris pr. brukar på Innovare sin server **kr 72,- pr mnd** **kr 864,- pr år**

For dei som har data på Innovare sin server, er datamengd tilgjengelig på server 100MB. Dette vil vere tilstrekkelig for dei fleste av brukarane (snitt for Firmapakken er 5MB i året, då er ikkje dokument tatt med). Dersom det blir lagra mykje dokument eller bilete, må tilgjengeleg datamengd aukast.

Ekstra lagringsplass pr 100MB **kr 40,- pr mnd** **kr 480,- pr år**

Totallisens pr brukar på eigen server **kr 88,- pr mnd** **kr 1056,- pr år**

Totallisens pr brukar på Innovare sin server **kr 104,- pr mnd** **kr 1248,- pr år**

Kvantumsrabatt for firma med mange brukarar kan avtalast.

Program med lisens

Program som krev lisens er Firmapakken, Plastsveis og Plastrør. Plastsveis er gratis dersom ein har lisens på Firmapakken eller Plastrør. Andre program som til dømes Synk32, Fylldisk, RE Editor, Kalkulator og Testnett kan brukast fritt utan lisens.

Support


For generell support på programma send epost til support@innovare.no. For support frå lisensierte brukarar, send epost til firma.support@innovare.no, eller send tekstmelding til telefon 926 49 790.

Hugs å gje opp programversjon, operativsystem, kva programdel det gjeld og epostadressa som blir brukt som pålogging.

Support på programvare frå Innovare er inkludert i lisens. Support på eigen SQL-server kan avtalast.

Pålogging av program

Dei siste åra har Innovare gått over til brukerpålogging (skybasert pålogging) av programma. Serverpålogging (lokal pålogging) har vore, og er framleis mogeleg. Frå 1. mars vil programma kun bruke brukerpålogging eller pålogging med ID-kort.



Illustrasjon 1: Brukerpålogging



Illustrasjon 2: Serverpålogging

Passord

Tidlegare har passord til pålogginga blitt sett av Innovare. Dette er no forenkla, slik at administrator av brukarane i eit firma kan gjere det sjølv.

Passord for alle brukarane i eit firma kan no endrast av i personalregisteret. I tilgangskontrollen på personal er det no ein knapp der ein kan sette nytt passord på brukarane. Dette er nytt i frå versjon 10.4.

Passord kan framleis endrast av dei enkelte brukarane sjølve frå hovudmenyen.